

# NORDISKE STUDIER I LEKSIKOGRAFI

Titel: Fast redigeringskjema for verb? Semantikk versus grammatikalisering

Nordiske Studier  
i Leksikografi 9

Forfatter: Oddrun Grønvik

Rapport fra konference om  
leksikografi i Norden  
Akureyri 22.-26. maj 2007

Kilde: Nordiska Studier i Lexikografi 9, 2008, s. 155-172

Redigeret af  
Ásta Svavarsdóttir  
Göðrún Kveran  
Guðný Ægílsson  
Jón Hilmar Jónasson

Rapport fra Konference om leksikografi i Norden, Akureyri 22.-26. maj 2007

URL: <http://ojs.statsbiblioteket.dk/index.php/nsil/issue/archive>

Støttet udgiver af Nordisk Förening för Leksikografi  
www.nfl.se

© Nordisk forening for leksikografi

## Betingelser for brug af denne artikel

Denne artikel er omfattet af ophavsrettsloven, og der må citeres fra den. Følgende betingelser skal dog være opfyldt:

- Citatet skal være i overensstemmelse med „god skik“
- Der må kun citeres „i det omfang, som betinges af formålet“
- Ophavsmanden til teksten skal krediteres, og kilden skal angives, jf. ovenstående bibliografiske oplysninger.

## Søgbarhed

Artiklerne i de ældre Nordiske studier i leksikografi (1-5) er skannet og OCR-behandlet. OCR står for ’optical character recognition’ og kan ved tegngenkendelse konvertere et billede til tekst. Dermed kan man søge i teksten. Imidlertid kan der opstå fejl i tegngenkendelsen, og når man søger på fx navne, skal man være forberedt på at søgningen ikke er 100 % pålidelig.

## Fast redigeringskjema for verb? Semantikk versus grammatikalisering

The purpose of this article is to clear the ground for a general and common editorial schema for lexicographic treatment of all verbs in the Norwegian language. Therefore, claims that verbs should be classified into groups with special qualities and functions are examined. In grammatical tradition, verbs are content words, excepting several small subsets of verbs used in constructing multi-word verb forms, which according to the grammars require different treatment. In Norwegian lexicography another classification has emerged, counterpoising "big verbs" with multiple functions and a multitude of derived phrasal verbs against the rest. These classifications are examined against the defining practice shown in entries on individual verbs, and a general maximum model for ordering and defining verbs, including derived phrasal verbs, is presented.

### 1. Innleiing

Utgangspunktet for denne artikkelen er handsaminga av ordklassen verb i Norsk Ordbok. Men sjølv om utgangspunktet er behandlinga av verb i Norsk Ordbok, er intensjonen med denne artikkelen generell, i høve til leksikografisk behandling av ordklassa verb i norsk og nordisk leksikografi.

Alle større ordbøker har ein vedteken artikkelstruktur, med fleire nivå ordna etter rang og eit nummereringssystem som syner plassering i rekkefølge. Såleis har artiklane i Norsk Ordbok ein struktur med fire nivå<sup>1</sup> og i tillegg eit eige artikkelformat for såkalla **underoppslag**, det vil seia sublemma av faste, leksikaliserte fleirordige ordsamband.

Norsk Ordbok har ein redigeringsapplikasjon med eit innebygt artikkelformat som set faste rammer for artikkelstrukturen når det gjeld tydingsnivå og ulike typar einingar. Når det gjeld bruken av artikkelformatet til å organisera tydingar, set programmet ingen grenser. Da er det redigeringsreglane som gjeld, og redaktørane har i oppgåve å bruka dei.

### 2. Kva er meint med redigeringskjema?

Norsk Ordbok har få eksplisitte redigeringsreglar som gjeld tydingsordning for

1 Stor bokstav for hovudinndelingar, arabisk tal for tydingsnummer, liten bokstav for nivå under tydingsnummer, og endelag dobbel skråstrek for undertyding. (Jfr Grønvik 2005: 160.)

ordgrupper med sams eigenskapar eller kjenneteikn. Det finst likevel ein del redaksjonell praksis i byggja på. Denne praksisen er ikkje heilt straumlinjeforma, men kan vera temmeleg fast. I somme tilfelle er praksis så fast at han kan seiast å utgjera eit implisitt "redigeringskjema", som redaktøren då realiserer i høve til kvar einskild artikkel.

Med "redigeringskjema" meiner eg heretter ein eksplisitt instruks i redigeringsreglane til redaktørane om å ordna tilfanget under ein viss type lemma på ein viss måte og i ei viss rekjkjefylgd når det gjeld tydingar og fraseologi. Eit redigeringskjema er då ikkje eit automatisert eller obligatorisk kjema som er bygt inn i innskrivingsapplikasjonen. Eit redigeringskjema vil vera ei formalisering, men ikkje ei automatisering, av redaksjonell praksis.

### 3. Status for redigeringspraksis i Norsk Ordbok

Norsk Ordbok er ei utprega dokumentasjonsordbok. Ordboka skal ikkje berre syna fram tyding og bruk i ord som alt er innanfor rettskrivinga, men også normera talemålstilfang som tidlegare ikkje er identifisert på lemmannivå.

Det sterke fokuset på å granska tilfanget som ligg føre, og framstilla det rett, har skapt ein tilsvarande sterk tradisjon i Norsk Ordbok for å redigera eitt og eitt ord nedanfrå og opp. Grammatiske tilhøve, fraseologi og metaforikk blir vist fram for kvart lemma. I høve til tyding og bruk finst det få eksplisitte konvensjoner for å handsama einskildord som medlem av ordgrupper ut frå meir generelle lingvistiske kriterium. Det er utarbeidd nokre definisjonsformlar og gjevi nokre råd om tydingsordning, men denne delen av redigeringsa er stort sett overlaten til det redaksjonelle skjønet.<sup>2</sup>

Eg skal i det følgjande sjå på om eit sams redigeringskjema for verb vil vera ei tenleg løysing, både i høve til stringens i språkbeskrivinga og i høve til redaksjonell konsistens.

### 4. Kva er eit verb? Terminologiske skilnader mellom grammatikk og leksikografi

Her er det nødvendig å seia noko om skilnader i termbruk og termforståing mellom leksikografi og grammatikk.

For leksikografar er grunneininga einskildord (somtid også fleirordige frasar) med eigen identitet og ordartikkels, og termen for denne grunneininga er *lemma*. Om ein i leksikografisk litteratur nemner "verb", "substantiv" eller ei anna ordklasse, er det sjølvsagt for leksikografen at ein refererer til kvart verb som lemma, om ikkje noko anna blir sagt.

Slik er det ikkje i dei undersøkte norske grammatikkane. Ordet "verb" blir

---

<sup>2</sup> Redigeringshandboka for Norsk Ordbok har nokre få sider (avsnitt 4.3.3.4) om definering og definisjonstypar.

helst nytta om ei ordform i høve til berre éi tyding eller berre éin (eller nokre få) (grammatiske) bruksmåtar av ordklassen (jf. t.d. Faarlund et al 1997: 526), og då er det det grammatiske fenomenet som er emne for drøfting. Ordforma er ein illustrasjon på det omtala grammatiske fenomenet, ikkje eit komplett objekt i seg sjølv, slik eit lemma er rekna for å vera.

Ein annan leksikografisk banalitet er den at eit lemma kan knyta til seg fleire tydingar, og altså vera **polysemt**. I fleire av dei aktuelle grammatikkane finn ein generelle kommentarar som syner at forfattaren er merksam på at verb som representerer grammatikalske funksjonar, også kan opptre som innhaldsverb, men det er ikkje viktig i samanhengen (jf. t.d. Faarlund et al 1997: 517, Beito 1986: 269). Det som er viktig er den gjevne grammatiske funksjonen og omgjevnader som kjenneteiknar han.

Generelt kan det verka som om grammatikkane er lite merksame på polysemi som fenomen, og ikkje reknar med det når t.d. verb blir klassifiserte eller grupperte. Korkje "lemma" eller "polysemi" er stikkord i regista i nokon av dei norske grammatikkane eg har sett på.

Det går derfor ikkje bra for leksikografen om han lit på at eit verb "er" eit modalt hjelpeverb og berre det, av di det står i grammatikkane. Grammatikaren har ikkje teki stilling til heile tilfanget som skal liggja til grunn for ein ordartikkel om eit gjevi lemma. Likeins kan ein ikkje ta for gjevi at den grammatiske funksjonen som er omtala, berre finst hos dei verba som grammatikkane nemner i gruppeinndelingane sine.

I denne artikkelen er perspektivet leksikografisk. Føremålet er å drøfta føresetnade for å laga eit generelt redigeringsskjema for verb. Men sidan leksikografane lit på grammatikkane som kunnskapskjelder, og til dels tek sine ordningskriterium for tydingar frå grammatikken, må dette også bli ei drøfting av grammatiske omgrep og perspektiv i høve til dei leksikografiske.

## 5. Kva slag samband blir tilordna verbet som lemma?

Den syntaktisk rolla til verbet er å knyta saman andre setningsledd til å utgjera heile setningar. Denne eigenskapen ligg til grunn for den vanlege leksikografiske handsaminga av verb. Tydingsinndelinga er oftast knytt til synlege faktorar i omgjevnadene til verbet. Dette ser ein av døma som er tilordna dei ulike definisjonane, sjølv om det ikkje er gjort eksplisitt i definisjonsteksten. Tydingsinndelinga kan kvila på subjekt eller subjektstype, objekt eller objektstype, adverb eller adverbtype, eller kombinasjonar av desse. Desse sambanda av verb og kollokat syner seg i tilfanget som konvensjonaliserte på alle nivå, frå verb pluss kollokattype (t.d. eit fritt valt substantiv i subjektrolla) til verb pluss ei einaste mogleg anna ordform (t.d. *drikka jabbesaft, gni ka naudeld*). Dersom slike samband er både faste og leksikaliserte, blir dei handsama som sublemma i Norsk Ordbok, med status som underoppslag.

Verb kan i nordiske språk danna fraseverb med funksjonsord som pronomen og adverb (irekna adverbielle preposisjonsuttrykk) og med kombinasjonar av slike ord (døme: *gjeva ut, ha seg, bera over med, hiva seg rundt, taka seg til rette*). Slike fraseverb er ofte polysem. I somme nyare ordbøker får viktige fraseverb status som lemma, med eigen ordartikkkel (Svensén 2004: 126). I dei store dokumentariske ordbøkene for nordiske språk er det tradisjon for å handtera fraseverba som sublemma under verbet, og altså som del av verbartikkelen. Kvart ordboksverk har meir eller mindre gjennomarbeidde redigeringsreglar for ordning og handtering av fraseverb. I Norsk Ordbok er dette systemet blitt til over tid og er enno ikkje heilt konsistent.

Innanfor verbartikkelen skal leksikografen såleis handsama heile den semantiske og kombinatoriske skalaen, frå verbet som isolert ordform mellom utsiktbare kollokat, til verbet som lekk i faste fraseverb som igjen tek si tydingsinndeling ut frå dei same kontekstkriterium som den isolerte verbforma.

## 6. Prinsipp for tydingsordning

Dersom ein skal vera sikker på at ei tyding er knytt til ei ordform, må tydinga halda seg uendra enda om omgjevnadene blir endra. Dess større endring i omgjevnadene ei kopling ordform – omgrep toler, dess sterkare er omgrepet knytt til sjølve ordforma.

For nynorsk manglar det dokumentasjon for tydingsutvikling for ein lang periode, og ei strengt historisk tilnærming til tydingsordning er derfor ikkje mogleg. Tydingsordninga i Norsk Ordbok 2014 er derfor i større grad knytt til det som verkar som ei logisk ordning av omgrep. Dette blir ei ordning som ofte (men ikkje alltid) fell saman med både alder (så langt vi kan prova det) og med frekvens i tilfanget. Da kjem den mest innhaldstunge (og kontekstfrie) tydinga først, og så aukar bindinga til kontekst (og spesifisering av tyding) utover i artikkelen.

Når det gjeld fraseverba, varierer handteringa i Norsk Ordbok. Etter gjeldande redigeringsreglar blir fraseverb med minst ei leksikalisert (og dermed ikkje føreseieleg) tyding handsama som underoppslag, og kan såleis redigerast med fleire tydingar og eigne døme til kvar tyding. Men plasseringa av underoppslaget i systemet av tydingsbolkar innanfor artikkelen kjem an på om verbet i seg sjølv blir rekna som eit "stort verb", eller eit vanleg (mindre frekvent) verb.

## 7. Redigerungsskjema for "store verb" i Norsk Ordbok

I Norsk Ordbok har det utvikla seg ein tradisjon for å gruppert verba, der ein set opp "store verb" mot resten av ordklassa.

Dei "store" verba er verb som

- høyrer til det sentrale ordtilfanget
- er høgfrekvente
- finst i mange faste (og leksikaliserte) samband med andre ord
- har til dels svært lange artiklar i større morsmålsordbøker

Døme på slike verb er *ha, eiga, fara, fylgia, gå, koma, liggja, stå, vera*. Desse verba ligg også under eit utal avleiringar og samansetningar i andre ordklassar, som igjen kan vera produktive ordlagingselement (t.d. *tiltak, utlegg*).

Den redaksjonelle praksisen for "store verb" i Norsk Ordbok tek utgangspunkt i at desse verba tek i bruk ein stor del av det potensielle artikkelskjemaet. Desse verba dreg med seg svært mange konvensjonaliserte samband med andre ordklassar, og dei dannar ei mengd fraseverb. *Norsk Ordbok* band 1–4 (under redaksjon frå 1946 til 2002) viser ei gradvis rørsle i leksikografisk praksis frå å redigera som om verbet aleine var tydingsberar, til ei meir kontekstorientert ordning av tilfanget. Praksis i dag er å bruka stor bokstav-nivået til å dela inn dei store verbartiklane i hovudbolkar. Alle tydingar der verbet står sjølvstendig til subjekt og eventuelle objekt, kjem under stor A. Refleksiv-sambanda kjem under stor B og sambanda med adverb/preposisjon kjem under stor C. Denne redaksjonelle praksisen med alfabetisk ordning av fraseverba sist i verbartikkelen finn ein også i andre større ordboksverk, som *Oxford English Dictionary* og *Svenska Akademiens ordbok*.

For dei andre, ikkje-store, verbartiklane er praksis mindre fast når det gjeld artikkkelstruktur og tydingsordning. Til vanleg blir dei minst kontekstbundne tydingane handsama tidleg i artikkelen. Det kan også vera underoppslag for faste samband med *seg* eller preposisjon / adverb, men desse har ikkje fast plassering i artikkelskjemaet.

## 8. Fast plassering av sublemma for alle verb? Pluss, minus og praksis.

I redigeringa av Norsk Ordbok ligg det som nemnt føre ei glidande utvikling over tid mot fastare plassering av sublemma for verb, særleg dei store verba. Derned er det grunn til å sjå på om fast plassering kunne ha vori gjort gjeldande for alle verb, som eit maksimumsskjema.

Dei praktiske føremonane kan synast openberre. Redaktøren kjem til eit ferdig "kart" for verbartikkelen, og kan innplassera belegg og forma innhald utan å tenkja ut grovstruktur i kvart tilfelle.

Føremonen for ordboksbrukaren er at det same skjemaet blir brukt mange gonger. Ordboka får ein attkjenneleg modell for plassering av fraseverb som tek utgangspunkt i noko alle kan sjå, nemleg typar fraseord i fast rekkefølgje som tilhøyr til verbet. Det vil gjera det lettare for brukaren å orientera seg i dei store verbartiklane i sær — desse kan vera svært lange og gje eit uover-

siktleg intrykk. Men også allment kan det vera ein føremon å kjenna orden og rekkjefylgd på dei viktigaste kategoriane, så ein kan gå rett på det ein er interessert i.

Den største veikskapen ville vera om eit skjema for fast plassering av fraseverbba fører til at informasjon som redaktøren ønskjer å formidla om samanhengen mellom verbtyding og fraseverb ikkje kjem fram, eller blir forvanska. I ordbøker er artikkelenstrukturen i seg sjølv ein viktig tydingsberar. Norsk Ordbok 2014 har no attom seg eit heilt band som er redigert inn i databasen. Vi kan derfor sjå på praksis for ein tolvtedel av ordboka, med høve til å bruka underoppslaget for fraseverb, og med pålegg om korleis underoppslag skal plasserast ved store verb.

Band 6 (bokstaven **k**) har 166 verb med i alt 564 underoppslag og 994 definisjonar — av desse har 6 store verb 174 underoppslag med 539 definisjonar. 80 verb har 2 til 9 underoppslag og 80 har eitt underoppslag.

462 av underoppslaga er av typen verb + adverb (*kasta ut*), verb + adverb + *seg* (*kanta på seg*), verb + *seg* (*klaga seg*)<sup>3</sup> eller verb + *seg* + adverb (*kle seg ut*). Det store fleirtalet av desse er ordna alfabetisk, eventuelt i ulike grupper, dersom verbet har meir enn eitt underoppslag av same type. Dei større verbartiklane har samla (og gruppert) underoppslag av desse typane sist i artikkelen. I tillegg kjem ein handfull parataktiske samband av typen *koma og gå* (som til vanleg blir handsama som sublemma til det første verbet i sambandet).

162 av underoppslaga har meir enn ei tyding, og av desse høyrer 132 til dei typane fraseverb som er nemnde ovanfor.

Dei typane underoppslag som er spesifiserte ovanfor, er dei det ville høva å gruppere og samla sist i verbartiklane etter skjema.<sup>4</sup>

Ut frå praksis i band 6 er det ikkje urimeleg å laga eit redigeringskjema for Norsk Ordbok som inneber at ein samlar alle sublemma av dei typane som er nemnde ovanfor, i underoppslag sist i verbartikkelen. Ein kan så gruppere dei og ordna dei alfabetisk innanfor kvar gruppe etter behov.

Innvendinga vil vera at mange verbartiklar — i dette bandet er det 80 — har berre eitt underoppslag, ofte med berre éi tyding. Da kan det verka som overadmisjon å krevja at det eine underoppslaget skal stå for seg sjølv sist i artikkelen. Men halvparten av dei einslege underoppslaga i band 6 har eige tydingsnummer, så dei er alt utskilde. Da er det ikkje så stor endring om dette underoppslaget står sist.

Vidare kan det innvendast at om ein samlar alle fraseverb sist i verbartikkelen, bryt ein sambandet mellom verbtyding og fraseverb. Men dette sambandet er alt

3 Det er etter måten få underoppslag av typen verb + *seg*, av di alternativet, å nemna i definisjonen at den aktuelle tydinga føreset refleksivt objekt, er føretrekt (nytta 435 gonger i verbartiklar på k-).

4 Dei siste drygt hundre underoppslaga på verb i band 6 av Norsk Ordbok er av ulike slag. Dei aller fleste inneheld substantiv, og det er såleis er diskusjonsspørsmål om dei er best plasserte i verbartikkelen eller om dei heller burde ha stått under substantivet.

broti i høve til dei større verbartiklane, og sambandsbrotet når langt inn i dei mindre. Dersom eit fraseverb har fleire tydingar, er det uansett frikopla frå ei gjeven tyding av grunnordet. Så spørsmålet sams redigeringskjema dreiar seg ikkje lenger for Norsk Ordbok sin del om framvising av semantisk kontekst versus skjematisk oppstilling. Det dreiar seg om konsistens i behandlinga av kategoriar.

### 9. Føresetnad – eit lingvistisk forsvarleg redigeringskjema

Føremålet med eit sams redigeringskjema for verb er å gje redaktørane eit tenleg verktøy i materialanalysen, og brukarane eit attkjenneleg leseskjema. Men føremålet må ikkje gå på akkord med dei språklege rammevilkåra. Føresetnaden for å laga eit sams maksimumsskjema er at det kan gjerast på indre lingvistiske premissar.

Ovanfor har eg argumentert for at eit fast redigeringskjema er forsvarleg og tenleg i høve til plassering og handsaming av fraseverba. Neste punkt gjeld den inndelinga av verb som vi finn i morsmålsgrammatikkane. Korleis står denne gruppedelinga i høve til ei leksikografisk framstilling av verb?

Eit redigeringskjema for verb må spegla ordklassens faktiske eigenskapar. Føresetnaden er med andre ord at det går an frå lingvistisk synsstad å sjå på alle verb under eitt når ein formar ut eit generelt redigeringskjema. Det vil seia at dei sams eigenskapane ved verb som ordklasse er viktigare enn eventuelle gruppeinndelinger innanfor ordklassa i høve til redigering av kvart lemma.

### 10. Grammatikkane – felles eigenskapar for verb

Alle større grammatikkar for norsk<sup>5</sup> er samde om at alle verb

- kan binda til seg subjekt og kan binda saman subjektet med andre setningsledd (ei evne som også blir kalla valens)
- kan syna tempus, modus og aksjonsart
- kan stå i samanhengar som syner aspekt (anten som verb i tempusform, eller som kollokat til eit verb i tempusform)
- inngår i eit avleiringssystem som femner om adjektiv, adverb, substantiv (verbets adjektiviske og substantiviske former) og andre verb (t.d. -st-avleiringar).

Dette er mange og sterke sams eigenskapar. Korleis står dette i høve til gruppeinndelinga av verb i grammatikkane?

### 11. Gruppedeling av verb i grammatikkane

Gruppedeling av verb i grammatikkane skjer med referanse til fleirordige verb-

<sup>5</sup> Næs (1972: 265 ff), Beito (1986: 262 ff), Venås (1990: 84 ff), Faarlund et al (1997: 538 ff.)

konstruksjonar, der eit verb i finitt form ber verb-funksjonen i høve til tid eller modus, medan verbhandlinga ligg i ei infinit verbform (partisipp eller infinitiv) (t.d. *har gått*, *kjem gåande*, *skal gå*). I tillegg kjem og-samband mellom to verb i finitt form (t.d. *står og ventar*).

Verb som kan bera verbfunksjonen i slike konstruksjonar blir tilordna undergrupper med nemne som "hjelpeverb" eller "usjølvstendige verb" (t.d. Beito 1986: 268 og 269), eller ein nyttar "hjelpeverb" som overomgrep, inndelt i t.d. "temporelle hjelpeverb", "passivdannande hjelpeverb" og "modale hjelpeverb" (Faarlund et al 1997: 516). Desse gruppene blir sett opp i motsetnad til "innhaldsverb".

Desse inndelingane blir i grammatikkane fylgde av inventarlister for gruppe-medlemmer, og verbgruppene blir avmerkte mot andre verb slik at det ser ut som om funksjonane dei dekkjer, også er avgrensa til dei opplista verba.

Dersom det er sant at ordklassa "verb" er strengt delt i desse gruppene, kan ein ikkje bruka same redigeringskjemaet på alle verblemma. Da trengst det fleire ulike redaksjonelle skjema eller sett med retningslinjer, eller kanskje ikkje noko redigeringskjema utover den strukturen som er førehandsdefinert gjennom sjølve artikkelskjemaet.

## 12. Handsaming av grammatisk funksjon i Norsk Ordbok

Norsk Ordbok har ikkje nokon gjennomarbeidd prosedyre for å handsama grammatikaliserte funksjonar ved einskildverb (hjelpeverb i høve til tempus, modalitet, aspekt). Tanken er vel helst at den overordna framstillinga av slike funksjonar skal finnast i grammatikkane, av di det gjeld eigenskapar som går over lemmavå. Som ordklasse er verb rekna til innhaldsorda. I ein viss mon blir grammatikalsk funksjon likevel omtala, anten som lekk i ein definisjon (for å grunngje at visse sitat blir grupperte saman) eller for å syta for at målføredrag blir dokumenterte, også når det gjeld å markera grammatisk funksjon.<sup>6</sup>

Grammatikalske kommentarar til definisjonane i Norsk Ordbok er per dato lite standardiserte og truleg frå konsekvenssynsstad overvariable (same grammatiske fenomen kan mangla kommentar eller ha mange ulike former eller ulikt omfang på kommentaren).

Grammatikalisert bruk av verb er utan fast plassering eller fast omtale i redigeringskjemaet for verb i Norsk Ordbok 2014. I artiklar om modale hjelpeverb treng den modale funksjonen ikkje vera nemnt eksplisitt, men kan vera synt i ulike tydingar til ulike grupper infinitivar, altså ein vanleg kontekstbasert semantisk analyse. Det manglar ein stø praksis for framstilling av verbbruk i perifrastiske konstruksjonar, i uttrykk for tempus, aspekt osfr. I artiklane om eit par store verb (*hava*, *koma*) er såkalla hjelpeverb-funksjonar samla under stor bokstav (D).

---

6 Jfr t.d. underinndelingane i *Norsk Ordbok VI* få A2b

### 13. Hjelpeverb

Dei såkalla hjelpeverba har ei lang soge som problemkategori i lingvistisk beskriving innanfor mange språk og språkgrupper (Mberi 2006: 28). Her er ordet brukt som det vanlege kategori-nemnet for verb som regelmessig blir nytta saman med infinitiv eller partisipp av andre verb til å laga fleirordige (perifrastiske) verbalformer.

Dei fleste av hjelpeverba som til vanleg blir førde opp, høyrer til den sentrale ordtilfanget og er høgfrekvente i visse typar grammatiske konstruksjonsmønster, men leksikografisk beskriving viser at tydingar og bruk går vidare enn hjelpeverbsbruken.<sup>7</sup> Men dersom desse verba ikkje er berre hjelpeverb, men også har andre tydingar og bruksmåtar, bør dei kunna gå inn i eit vanleg verbskjema. Den leksikografiske utfordringa er då å koma fram til gode beskrivingsmodellar for hjelpeverbfunksjonane.

Motargumentet ville eventuelt vera at dei har eigenskapar som ikkje finst hos nokon andre verb. Vi skal sjå på om dette stemmer.<sup>8</sup>

#### 13.1. Temporale hjelpeverb

Dei verba som vanleg blir lista opp som temporale hjelpeverb i nynorsk, er *bli*, *få*, *ha*, *muna*,<sup>9</sup> *skula*, *vera*, *verta*, *vilja* (Beito 1986: 269). Fleire av desse fungerer også som hjelpeverb i høve til modus og i høve til vekslinga aktiv – passiv.

I tillegg finst det andre verb som har funksjon som temporale hjelpeverb. Det mest kjende i norsk er kanskje *bida*, som blir nytta i fleire perifrastiske verbkonstruksjonar. Eit anna døme finst under verbet *koma*, i det høgfrekvente ordsammanbietet *koma til*, som med infinitivsobjekt gjeld framtid.

*Nynorskordboka* har per dato den grundigaste handsaminga av fleire av desse verba for nynorsk. *Nynorskordboka* nemner eksplisitt i artiklane sine funksjonen som temporalt hjelpeverb for *bli*, *ha*, *mune*, *vere*, *verte* men ikkje for oppslagsorda *få*, *skulle*, *vilje*, som elles har det sams at dei er tekne med i fleire undergrupper av hjelpeverb i grammatikkane.

Den leksikografiske handsaminga av desse verba er snau i nynorske ordboksværk før *Nynorskordboka*. Det er forståeleg ut frå den tids arbeidsreiskapar, men ikkje noko førebilete for leksikografer med tilgjenge til korpus og andre hjelpe-middel for handtering av store tilfangsmengder.

Av verb med temporale hjelpeverbfunksjonar er *ha* etter måten nyleg redigert i Norsk Ordbok (oppslagsform *hava*). Då redigeringa byrja, var det meinингa å gje hjelpeverbfunksjonane til *hava* minimalt med plass, av di desse funksjonane skulle vera adekvat dekte i standardgrammatikkane. Til slutt tok denne delen av artikkelen om *hava* to fulle spalar. Det kom av at Norsk Ordbok måtte omtala

7 Sjå t.d. artiklane i *Nynorskordboka* for *ha*, *bli*, *kunne*, *måtte*, *vere*.

8 Opplysningane nedanfor byggjer på søk i databasane for *Nynorskordboka* og Norsk Ordbok. Eg har søkt etter "ordklasse=v" og med definisjonsfelt som innehold "pass.", "modal", "hjelpev" osb.

9 *muna* er lite brukt (helst foralda) og finst no berre med infinitivsobjekt.

det som standardgrammatikkane ikkje har med, som eldre målbruk og målføre-bruk. Dermed måtte ein også ta med det normale, som ramme. Skilnaden frå ei grammatikk-beskriving er nettopp at fokus er på å visa bruksmåtane til lemmaet, ikkje på grammatisk funksjon i seg sjølv.

### 13.2. Hjelpeverb som danmar passiv

Verba *bli*, *vera* og *verta* er nemnde som verb som blir nytta i fleirordige passivkonstruksjonar. Dette er omtala som ein av fleire moglege funksjonar ved desse verba i Norsk Ordbok<sup>10</sup> og *Nynorskordboka*.

Søk i ordboksbasen og lesing i grammatikkane gjev elles eit inntrykk av at dia-tese er eit lite utforska fenomen i norske målføre. Det er absolutt ikkje overflødig om Norsk Ordbok kan bidra til å gje eit meir fullstendig bilet av passivkategorien slik han ovrar seg i verbinventar, konstruksjonsmåtar, tydingar og tydings-skifte, ved systematisk omtale av eindskildlemma.

### 13.3. Modale hjelpeverb

Gruppa *byrja*,<sup>11</sup> *kunna*, *lyta*, *måtta*, *skula*, *vilja* er verb som tek infinitivsobjekt (oftast utan infinitivpartikkel *å*), og som tilfører infinitiven eit tydingselement som gjeld måten noko skal skje på.

Men dette gjeld ikkje berre for den gruppa som har fått merkelappen modale hjelpeverb. Svært mange verb tek infinitivsobjekt, og det er kjenneteiknande for konstruksjonen verb + infinitiv at det finitte verbet då seier noko om korleis den handlinga som infinitiven nemner, blir utført.<sup>12</sup>

Dersom dei modale hjelpeverba var aleine om kvar sin modalfunksjon, skulle det ikkje vera mogleg å finna synonym til dei. Da burde substituttdefinisjonen, som er kjernektenikken for leksikografer, vera systematisk erstatta av funksjonsbe-skrivningar.

Men det er fullt mogleg å bruka substituttdefinisjonar på modale verb.<sup>13</sup> Synonyma har ofte ein kjenslekomponent i tillegg – ei eller anna form for forsterking – men slett ikkje alltid, jfr døme:

Modalt verb	Andre verbuttrykk med same funksjon <sup>14</sup>
byrja	vera oppmoda om, vera venta, ha skyldnad til
kunna	orka, greia, klara, makta
måtta, lyta	få, verта tvinga til, verta nauda til; få lov til
skula	vera pålagd, vera sett til
vilja	ynskja, vona, freista, søkja

10 Gjeld berre *bli*.

11 *II byrje* i *Nynorskordboka*.

12 Sjå t.d. Aasen (1965) § 324.

13 Sjå t.d. artiklane for dei aktuelle verba i *Nynorskordboka*, *Bokmålsordboka*, eller *Norsk Riksmaلسordbok*.

14 I definisjonane for modale verbtydingar finn ein ofte andre modale verb. Ekvivalente i tabellen er mine, utfrå døme som er funni i Norsk Ordbok-korpuset.

Det er elles interessant at fleire av dei modale hjelpeverba har passivkonstruksjonar som leksikalske motsvar, jfr. gruppdelinga av hjelpeverba som er nemnt ovanfor.

Dei verba som i grammatikkane blir framheva som modale og som er redigerte i Norsk Ordbok, er ikkje karakteriserte som modale i verbartiklane.<sup>15</sup>

I *Nynorskordboka* — som byggjer på dei same samlingane som Norsk Ordbok — er alle dei modale hjelpeverba redigerte utan nokon omtale av den grammatiske særstillinga, det vil seia at dei har fått vanleg leksikografisk behandling. Dei ulike nyansane av modalitet kjem fram i inndelinga i tydingsbolkar.

Ein anna indikator på at modalfunksjonen går vidare enn til dei få verba som blir grupperte som modale i grammatikkane, er om dei same verba blir brukte som motsvar i definieringa av andre verb. I Norsk Ordbok er stoda førebels denne:

<b>Modalt verb</b>	<b>Verb som har modalt verb som motsvar på definisjonslass</b>
kunna	begå, byrga, duga, greia, kynna
måtta	byrja, greia
lyta (ljota)	bli
vilja	gidda, intendera, lika

#### 14. Verb med infinitivsobjekt

Verb som kan fylgjast av infinitiv, tilfører ofte aspekt eller modus i høve til den (abstrakte, potensielle) handlinga som infinitivsforma representerer. Nedanfor er ei liste med verb som finst i nynorskorpuset framfor infinitiv, grovsorterte etter tyding:<sup>16</sup>

*slutta, opphøyra  
nekta, avvisa, unngå  
lika, elskा, hata  
bruка, pla  
nytta* (i tyd 'føra fram, lukkast')  
*lata, tillata  
tora, våga*

Skiljet mellom desse verba og gruppa modale verb skal mellom anna syna seg i at infinitivsobjekt skal ha med seg infinitivsmerket:

*han likte å danse  
det nyttar ikkje å stola på posten*

15 Ordet "modus" finst i Norsk Ordbok berre i definisjonen av grammatikktermene *imperativ, indikativ, infinit, konjunktiv* og *bydemåte*, medan "modal" er nytta i definisjons-

tekst til verba *gjera* og *kry*, og i funksjonsbeskriving for some preposisjonar og adverb.

16 Det at verb er grupperte saman, tyder ikkje at dei er fullsynonyme eller tek dei same

infinitivane etter seg.

Men i praksis blir infinitivsmerket sløyfa ved mange fleire verb,<sup>17</sup> og det er vel også ein viss målføregeografisk distribusjon både i korleis infinitivsmerket ser ut, og når det blir brukt. Motsvarande ser vi at somme av dei verba som er peika ut som modale, kan ta infinitiv med infinitivsmerket på plass:

Han kan å dansa, han der

Når verb som kan ha infinitiv etter seg, vert handsama leksikografisk eitt for eitt, må også modal og aspektuell bruk handsamast, og da blir skiljet mellom verb som tek infinitivsobjekt og "modale hjelpeverb" langt på veg utviska.

## 15. Gruppedeling av verb i leksikografien

Den uformelle leksikografinndelinga av verba er som nemnt "store verb" mot resten. Men dei store verba femner om verb som frå lingvistisk synsstad er svært ulike. Mellom dei nemnde store verba (*ha, eiga, fara, fylgja, gå, koma, ligga, stå, vera*) finn ein såleis både transitivitet og inntransitivitet, hjelpeverb- og innhaltsverb-funksjonar, fleire ulike aspekt osb.

Kva slag verb er det då som står i motsetning til eit stort verb? Fleire av dei verba som blir rekna som store verb, er også hjelpeverb i tempussystemet, og skulle såleis stå i motsetnad til andre store verb. Men det er alt synt gjennom redigering at det går bra å bruka same redigeringskjema for svært ulike store verb.

Verb som ikkje er store i den forstand at dei har mykje tilfang attom seg, kan likevel ha svært stort tydingsspekter. Analysen attom kvar tyding kan bli mindre sikker av di eit mindre tilfang ikkje syner tydeleg kva som er konvensjonalisert språkbruk, og kva som er individuell eller tilfeldig språkbruk. Det finst mange døme på dette mellom verb med meir talemålstilfang enn skriftleg tilfang attom seg.<sup>18</sup> Likeins finst det nok av døme på at verb med eitt stort tilfang attom seg i samlingane, kan syna få leksikaliserte tydingar eller funksjonar. Det kan også vera noko tilfeldig kva for verb som har eit stort eller lite tilfang attom seg i samlingane.<sup>19</sup> Men dette er ikkje noko argument mot eit sams redigeringskjema for verb.

## 16. Leksikografisk versus grammatikalsk omtale av einskildord

Leksikografisk handsaming i ordartiklar er i prinsippet eit portrett av kvart lemma, sett saman av tydingsbolkar som syner tydingar og bruksmåtar. Desse større ordboka er, dess meir fintmerkande er inndelinga.

Definisjonsprinsippet er å føra opp ein eller fleire (ofte fleirordige) ekvivalen-

17 Faarlund et al (1997: 996) har døme på dette.

18 272 verb i basen har 6 eller fleire definisjonar (a-l).

19 Talemålstilfanget er ujamt både i høve til geografi og storleiken på dei lokale samlingane. Korpus og skriftspråklege ekspertene kjelder har ujamn sjangerdekning og dekkjer heller ikkje alle tidbolkar like godt.

tar som kan fungera som substitutt. Praksis i Norsk Ordbok peikar mot at det blir lagt mykje arbeid i å skriva gode definisjonar og gruppodela (subklassifisera) døme slik at ekvivalenten er dekkjande.

Når ein finles verbartiklar og ser på dei i samanheng med døma, ser ein ofte at det ligg grammatiske kriterium til grunn for sorteringa, dvs at type og orden på kollokat avgjer grupperinga som ligg under definisjonane. Men omtalen av dei grammatiske rammevilkåra ymsar mykje, frå ordbok til ordbok og også innanfor større ordbøker og ordboksverk.

Grammatisk behandling av språkdrag rettar seg mot sams åtferdsdrag ved grupper av ord. Dette gjev eit anna fokus enn leksikografien har. Grammatikkarar veit sjølvsagt at same ordet kan opptre i fleire grupper og illustrera ulike språkdrag, men dette er ikkje viktig så lenge fokus er på sjølve funksjonen.

Når grammatikaren tek for seg ei lita gruppe ord, kan den grammatiske beskrivinga bli galen frå leksikografisk synsstad, av di ordet blir identifisert med ein viktig grammatsk funksjon. Men dei grammatiske gruppodelingane gjeld for tydingar og bruksmåtar som er knytte til verb, ikkje for heile lemma. Det er likevel lett å sjå at ein velordna ordboksdatabase kan vera ei viktig støtte for identifisering og beskriving av grammatiske drag i språket.

## 17. Kvifor skal ordbøker handsama grammatikaliserte funksjonar ved verb?

Med fare for å gjenta meg sjølv: Ordbøker bør handsama grammatiske funksjonar ved verb av di desse i praksis ikkje let seg skilja tydeleg frå den meir leksikaliserte delen av tydingsspekteret. Det er ein illusjon å tru at semantikk let seg isolera frå grammatikk, at grammatsk funksjon ikkje har tyding, eller at grammatiske konstruksjonar ikkje verkar inn på tydingsinndeling. Språkbruk er jo tydingsformidling — korleis ein organiserer det innanfor kvart språk er eit spørsmål om funksjonsfordeling på grammatikk og leksikon.

For ei dokumentasjonsordbok som ønskjer å gje full dekning av talemålet, kjem det i tillegg at verbparadigma i målføra har både former og konstruksjonar som manglar i normalmålet, og som kan vera høgfrekvente, til og med dominerande, innanfor sine område. Slike bruksmåtar kan vera leksikaliserte, slik at dei kjem fram ved somme verb men ikkje andre. Alt dette må vi ha med, og det må med i den normalspråklege konteksten. Noko anna er at behandlinga nødvendigvis må gjerast stutt, og at til dømes ulike grammatiske forklaringsmodellar ikkje kan koma med.

## 18. Redigeringskjema for verb

### 18.1. Eitt eller fleire redigeringskjema?

Ovanfor er spørsmålet reist om det ut frå lingvistiske kriterium er mest forsvarleg med eitt eller fleire redigeringskjema for verb. Eg meiner å ha vist at det rettaste er å ha eitt sams maksimumsskjema. Gruppedelingane som finst i grammatikkane gjeld ikkje verb som lemma, altså med fullt dokumentert tydingsspekter. Gruppedelingane er knytte til visse verbfunksjonar, eksemplifiserte med små grupper verb som er høgfrekvente i den aktuelle funksjonen. Gruppemedlemskap i ein gjeven funksjon tyder ikkje at eit verb ikkje kan ha andre tydingar eller funksjonar, eller at ikkje andre verb kan fylla same rolla.

Drøftinga ovanfor kan dragast saman slik:

- Dei generelle eigenskapane til verb legg til rette for polysemi (jf avsnitt 9)
- Dersom eit verb er frekvent, er det sannsynlegvis fleirtydig
- Konstruksjonsdrag ligg ofta attom tydingsindeling, anten det er gjort eksplisitt (med grammatiske kommentar til definisjonen) eller ikkje
- Faste verbsamband blir til vanleg skilde ut og får separat behandling under verbet
- Det er leksikografisk tradisjon for å byrja ordartikkelen med dei tydingane der verbet har mest eigentyding<sup>20</sup>

### 18.2. Føremonar og ulempar med fast redigeringskjema

Ovanfor har eg drøfta føremonar og ulempar med å ha eit fast redigeringskjema i høve til leksikaliserte sublemma (jfr. avsnitt 8). Ulempa med eit redigeringskjema som gjev fast rekkjefylgd av konstruksjons- og tydingstypar i høve til sjølve verbet, må vera at hovudfunksjonane til verbet ikkje blir topikaliserete på same måte som når redaktøren står fritt til å ordna tydingsrekjkjefylgd. Står redaktøren fritt, kan han setja først det han meiner er viktigast.

Men når ein ser på dei ordartiklane for verb med hjelpe-funksjonar i *Nynorskordboka* og Norsk Ordbok, ser ein at artiklane tek til med dei tydingane der verbet har mest eigentyding, og at dei grammatiserte funksjonane kjem lenger ut. Da vil eit eksplisitt fastare redigeringskjema meir fungera som ei formalisering og opprydding enn som noko brot med gjeldande praksis.<sup>21</sup>

Føremonen med eit fast redigeringskjema er at det blir lettare å planleggja redigeringskjema, innordna tilfang, og ikkje minst jamføra ulike verb. Slik kan eit redigeringskjema på sikt også bidra til å betra underlagstilfanget for handsaminga av modus, aspekt osb ved verb i grammatikkane, av di desse verbeigenskapane får ei ryddigare og meir føreseieleg framstelling i til dømes Norsk Ordbok.

20 I døme som *ho har ny bil* (til *ha*), *dei kom seint* (til *koma*).

21 Det same gjeld som hovudregel for ordbøkene til Ivar Aasen, og for Grunnmanuskriptet til Norsk Ordbok.

### 18.3. Krav til redigeringsskjema for store ordboksverk

Redigeringsskjema som er utarbeidde til bruk i store ordboksverk må stetta noko viktige funksjonskrav. Det må vera fagleg robust, oversiktleg og attkjenneleg. Det må opplevast som rimeleg logisk av både ordboksredaktøren og ordboksbrukaren, og det må bruka dei sorteringssystema som ordboka generelt bruker.

Kva vil det seia at skjemaet må vera fagleg robust? Dette handlar om tid og tidsbruk. Store ordboksverk tek lang tid å redigera og skal vara lenge – mykje lenger enn svingningane i lingvistisk teori til vanleg gjer. Når ein ser attover eit par generasjonar, ser ein at lingvistisk teori ikkje utviklar seg frametter i rett line, men går ganske kraftig i sikksakk – jfr. t.d. Chomsky-perioden versus dagens korpuslingvistikk. Derfor kan ikkje eit ordboksverk gå for tett innpå aktuelle lingvistiske og grammatiske modellar, ein må halda seg nær skulegrammatikken<sup>22</sup> og den terminologien som har synt seg å vera etter måten stabil.

Vidare skal strukturen vera lett å læra for brukarar med ei anna lingvistisk skolering enn den redaksjonen har. Dette kan ein oppnå om ein held terminologien enkel og syter for at tilfanget er ordna og definert slik at det får tala for seg. Då vil strukturen isolera og framheva fenomenet, medan definisjonen gjev det ramme og substitutt i språkleg kontekst. Er artikkelen ordna med slike mål for augo kan brukaren tolka at den lingvistiske beskrivinga er knapp eller utdatert, og likevel forstå poenget med omtalen.

### 18.4. Korleis bør eit skjema for verbredigering sjå ut?

Spørsmålet om ei skjema for redigering av verb kan handterast meir radikalt om ein tek til med blanke ark, i planlegginga av eit nytt ordboksprosjekt. Norsk Ordbok er midt i seilasen, med seks band utgjevne og seks att. Vi må derfor byggja på dei gode tradisjonane vi har, og ta utgangspunkt i dei eksisterande konvensjonar for store verbartiklar. Kan ein få til kvalitetsforbetring utan å bryta med innøvd og tilvand skikk, så er det også ein klar føremoen.

Dersom det skal vera mogleg for mange redaktørar å praktisera eit slikt skjema i høve til ei større ordgruppe, bør ordningskriteria så langt som mogleg vera ikkje-semantiske, det vil seia knytte til form og kollokat. Tilfangsordninga bør gå

- frå sterkest mogleg eigen tyding til bunden fraseologi og grammatiske funksjon
- frå maksimal variasjon i kollokat og nedover til meir og meir føreseieleg kontekst

Da får vi fylgjande redigeringsskjema:

- |    |  |
|----|--|
| A. | verb + type kollokat (inndeling etter valens)                |
| B. | verb + "seg" (+ adverb) (Alfabetisk ordning av underoppslag) |

<sup>22</sup> Skulegrammatikken kan også bli endra, jf. ordklassenemna i lærebøker for norsk skule, som skal endrast så dei kjem meir i samsvar med Faarlund et al (1997).

C. verb + adverb (faste samband) (Alfabetisk ordning av underoppslag)

Når det gjeld dei mest grammatikaliserte funksjonane, må dei koma etter eller sist i A, eller som ein eigen seksjon D til slutt.

## 19. Konklusjonar

Ordklassa verb har eit tydingsspekter som strekkjer seg frå sterkt og eintydig innhald, knytt til sjølve verbet, til ymse grammatikaliserte funksjonar. Dei såkalla store verba syner dette spekteret i størst mangfold, men svært mange mindre belagde verb dekkjer heile skalaen.

Som ordklassa har verb sterke sams drag enn gruppdrag, slik at eit sams redigeringskjema er fagleg forsvarleg. Føremonen med eit maksimumsskjema er at det ikkje hindrar delutnytting, ein verbartikkkel blir korkje stuttare eller lengre av å stø seg på eit førehandsdefinert skjelett.

Svært mange verb utnyttar heile redigeringskjemaet ovanfor, men i ulik grad på ulike punkt. Skjemaframleggget byggjer på etablerte komponentar, dvs sorteringssystemet og den logiske ordninga som alt er i bruk.

Ein mogleg ulempe kunne vera svakare topikalisering av hovudfunksjonar ved einskildverbet. Men slik topikalisering blir ikkje nytt. Det er til dømes slik at same kor dominerande dei grammatikalske funksjonane ved eit verb er i tilfanget i høvet til frekvens, så blir dei alltid plassert etter den meir leksikaliserte bruken.

Føremonen med eit meir eksplisitt redigeringskjema at det blir lettare å jamføra nærståande verb. For redaktørar vil det bli lettare å redigera nytt tilfang. For brukarane av Norsk Ordbok er føremonen eit meir oversynleg produkt, som er lettare å finna fram i og referera til.

## Litteraturliste

- Beito, Olav T. 1986: *Nynorsk grammatikk. Lyd- og ordlære*. Oslo: Det Norske Samlaget.
- Bokmålsordboka 2005. Definisjons- og rettskrivningsordbok. 3. utg., 2. rev. oppl. Redaktør: Boye Wangensteen. Oslo: Kunnskapsforlaget.
- Faarlund, Jan Terje, Svein Lie og Kjell Ivar Vannebo 1997: *Norsk referansegrammatikk*. Oslo: Universitetsforlaget.
- Grønvik, Oddrun 2005: Redigeringsprogrammet for Norsk Ordbok 2014. I skjeringspunktet mellom menneskeleg skjønn og automatisering. I: *Nordiske studiar i leksikografi 7*. Rapport frå Konferanse i leksikografi i Norden. Volda 20.–24. mai 2003. Oslo: Nordisk foreining for leksikografi, 156–165.
- Guttu, Tor 2005: *Norsk ordbok med 1000 illustrasjoner*: riksmål og moderat bokmål. 2. utg. Oslo: Kunnskapsforlaget.

- Mberi, Nhira Edgar 2006: *The Categorical Status and Functions of the Auxiliary in Shona*. Harare. Oslo. The ALLEX-project, Department of Linguistics and Scandinavian Studies, University of Oslo Unipub.
- Norsk Ordbok*. Ordbok over det norske folkemålet og det nynorske skriftmålet 1966–. Hovedredaktør: Alf Hellevik ... [et al.]. Oslo: Det Norske Samlaget.
- Norsk riksmalsordbok* 1937–1957 (med tilleggsbind 1995). Trygve Knudsen, Alf Sommerfelt [og Harald Noreng; under medvirkning av K.E. Bødtker ... [et al.]. Oslo: Kunnskapsforlaget.
- Nynorskordboka* 2006. Definisjons- og rettskrivingsordbok. Redaktør: Marit Hovdenak ... [et al.]. Oslo: Det Norske Samlaget.
- Næs, Olav 1972: *Norsk grammatikk*. Elementære strukturer og syntaks. Oslo: Fabritius.
- Svensén, Bo 2004: *Handbok i lexicografi*. Stockholm: Norstedts Akademiska Förlag.
- Venås, Kjell 1990: *Norsk grammatikk*. Nynorsk. Oslo: Universitetsforlaget.
- Aasen, Ivar 1850: *Ordbog over det norske Folkesprog*. Kristiania.
- Aasen, Ivar 1870–73: *Norsk Ordbog*. Kristiania.
- Aasen, Ivar 1965: *Norsk Grammatik*. Etter fyrsteutgåva frå 1864. Oslo: Universitetsforlaget.

### Ordbøker på nettet

- Grunnmanuskriptet for Norsk Ordbok: <http://www.edd.uio.no/perl/search/search.cgi?tabid=993&appid=59>
- Oxford English Dictionary*: <http://www.oed.com/>
- Svenska Akademiens ordbok*: <http://g3.spraakdata.gu.se/saob/>

Oddrun Grønvik  
hovedredaktør, f. 1947  
Norsk Ordbok 2014  
Universitetet i Oslo  
postboks 1021 Blindern  
NO-0315 Oslo  
oddrun.gronvik@iln.uio.no



## Båndoptagelser som kilde til Ømålsordbogen

Use of tape recordings as empirical basis at Ømålsordbogen. The aim of Ømålsordbogen (The Dictionary of the Insular Dialects) is to embrace the whole vocabulary of the dialects, dialecticisms as well as words in common with standard Danish. The dictionary is based on a collection of approximately 3 million slips, excerpted from various sources. The major portion of the material, however, has been collected by the staff itself. Despite a thorough work trying to cover all of the vocabulary, a number of words and expressions are poorly attested in the collection of slips. This goes especially for function words and frequent words with no striking difference in use or meaning between standard and dialect – words of this kind have often been left unnoticed both when recording data and when excerpting. A corpus of transcribed tape recordings has therefore turned out to be a useful supplement. And the corpus has not only permitted a more adequate description of function words etc., it has also provided the dictionary with more authentic quotations.

### 1. Indledning

Ømålsordbogen er en dialektordbog der beskriver dialekterne på Sjælland, Lolland-Falster, Fyn og omliggende øer. Den er projekteret til at omfatte 18 bind og giver altså en bred og detaljeret beskrivelse af sproget på øerne. Den medtager således ikke kun de særdialektale ord, men også fællesdanske ord, herunder hjælpeverber, præpositioner osv. Ordbogen bygger først og fremmest på en seddelsamling. Samlingen er stor, omkring 3 millioner ord, men det er noget svingende hvor velbelyste ordene er. Fx er der omkring 150 sedler med den sjællandske betegnelse på formiddagsmåltid *halvgåenmiddag*, selv om ordet var ved at gå af brug på indsamlingstidspunktet, mens derimod *altså* brugt for at udtrykke sammenhæng med det foregående oprindelig kun var repræsenteret med to belæg i seddelsamlingen (jf. Pedersen 1983:133). De meget almindelige ord og betydninger overses ofte ved optegnelse og excerptering – og i øvrigt kan brugen af funktionsord ofte være svær at fastholde uden lydoptagelser. Det korpus af båndudskrifter, som ordbogen har fået opbygget i de sidste 30 år, er derfor blevet et værdifuldt supplement til seddelsamlingen, men som vi vil vende tilbage til i slutningen af artiklen, er båndoptagelserne af flere grunde ikke helt uproblematiske som kilde.

### 2. Forhistorien

Indsamlingen af lydoptagelser begyndte inden båndoptageren kom frem i 1950'erne. På billedet (fig. 1) fra 1938 ses til venstre Poul Andersen, daværende